Statens vegvesen

Helsedirektoratet

# Søknad om førarkort/kompetansebevis

| | |
|---|---|
| Etternamn, fornamn, mellomnamn | Fødselsnummer (11 siffer) |
| Adresse | Telefonnummer / Mobilnummer (for sms-varsel) |
| Postnummer | E-post (for e-post varsel) |
| Poststad | Ønskt målform: ☐ Bokmål ☐ Nynorsk |

Søknaden gjeld: ☐ Førarkort første gong ☐ Utviding ☐ Fornying ☐ Innbyte av utanlandsk førarkort ☐ Tilbakelevering ☐ Kompetansebevis

- ☐ **AM145** tohjuls moped (fødd før 01.01.1985)
- ☐ **AM146** tohjuls moped (fødd etter 01.01.1985)
- ☐ **AM147** tre- og firehjuls moped
- ☐ **S** beltemotorsykkel/snøscooter
- ☐ **T** traktor
- ☐ **A1** lett motorsykkel
- ☐ **A2** mellomtung motorsykkel
- ☐ **A** motorsykkel
- ☐ **B1** firehjuls motorsykkel
- ☐ **B** personbil/varebil
- ☐ **B96** tilhengar til klasse B (vogntogvekt 3501–4250 kg)
- ☐ **BE** tilhengar til klasse B
- ☐ **C1** lett lastebil 3500–7500 kg
- ☐ **C1E** tilhengar til klasse C1
- ☐ **C** lastebil
- ☐ **CE** tilhengar til klasse C
- ☐ **D1** minibuss
- ☐ **D1E** tilhengar til klasse D1
- ☐ **D** buss
- ☐ **DE** tilhengar til klasse D

**Kompetansebevis**

- ☐ yrkessjåfør: godstransport
- ☐ yrkessjåfør: persontransport
- ☐ utrykking (kode 160)

| | | | |
|---|---|---|---|
| Har du eit førarkort frå eit anna land? ☐ Ja ☐ Nei Dersom «ja» ; gi utfyllande opplysningar i felta til høgre | Utferda av (land) | | |
| | Førarkort for klasse | Utferda dato | Gyldig til |
| Skal fyllast ut ved søknad om tilbakelevering av inndratt norsk/utanlandsk førarkort: | Inndratt av politidistrikt i Noreg/myndigheit i anna land | Inndratt frå dato | Inndratt til dato |

## Eigenerklæring om helse - sjå baksida av søknaden for informasjon

Les grundig gjennom spørsmåla nedanfor før du svarer på spørsmåla og skriv under på søknaden.

| | | Ja | Nei |
|---|---|---|---|
| 1. | Har du nedsett synsstyrke, behov for briller eller linser? | ☐ | ☐ |
| 2. | Har du hatt dobbeltsyn siste tre månader, problem ved køyring i mørke eller ved vekslande lys-forhold, eller nedsett sidesyn på eitt eller båe auge? | ☐ | ☐ |
| 3. | Har du problem med å orientere deg i trafikken eller bedømme trafikkbildet? | ☐ | ☐ |
| 4. | Har du eller har du hatt nevrologisk sjukdom? | ☐ | ☐ |
| 5. | Har du svima av, hatt krampeanfall eller andre episodar med nedsett medvit dei siste 5 åra? | ☐ | ☐ |
| 6. | Har du svima av, hatt krampeanfall eller andre episodar med nedsett medvit dei siste 10 åra, eller har du brukt legemiddel mot epilepsi i same periode? | ☐ | ☐ |
| 7. | Har du obstruktivt søvnapnésyndrom (snorkesjuke) eller annan søvnsjukdom? | ☐ | ☐ |
| 8. | Har du eller har du hatt hjerte-/karsjukdom? | ☐ | ☐ |
| 9. | Har du diabetes? | ☐ | ☐ |
| 10. | Har du eller har du hatt ei alvorleg psykisk liding, eller har du ei psykisk svekking som kan påverke køyringa di? | ☐ | ☐ |
| 11. | Har du ADHD? | ☐ | ☐ |
| 12. | Bruker du legemiddel som kan påverke køyringa di? | ☐ | ☐ |
| 13. | Misbruker du alkohol eller andre rusmiddel, eller har du hatt slikt misbruk i løpet av dei siste tre åra? | ☐ | ☐ |
| 14. | Har du svekt lungefunksjon? | ☐ | ☐ |
| 15. | Har du eller har du hatt alvorleg nyresvikt? | ☐ | ☐ |
| 16. | Har du nedsett førleik i arm eller bein? | ☐ | ☐ |
| 17. | Er det andre helsemessige forhold som kan svekke køyreevna di? | ☐ | ☐ |

Eg er klar over at det er straffbart å halde tilbake eller gi uriktige opplysningar. Når det er krav om helseattest, gir eg legen fullmakt til å innhente nødvendige og relevante helseopplysningar frå spesialist og tidlegare fastlege uavhengig av teieplikta for å sikre ei forsvarleg vurdering. Ved endring av mi helse som kan påverke køyringa, har eg plikt til å oppsøke lege før vidare køyring.

. . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Stad og dato

. . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Underskrifta til søkaren

# Krav om helseattest og synsattest

*Svar på spørsmål 1-17 i Eigenerklæring om helse på side 1 av søknadsskjemaet.*

## Ved «ja» på spørsmål 1:
Dersom berre spørsmål 1 er svara på med «ja», er det tilstrekkeleg med *Helseattest førerett – syn* (synsattest) frå lege eller offentleg godkjend optikar.

## Ved «ja» på spørsmål 2:
Dersom spørsmål 2 er svara på med «ja», er det krav om *Helseattest førerett – syn* (synsattest) frå offentleg godkjend optikar eller augelege.

## Helseattest: «Ja» på spørsmål 3-17
For førarkortklassane AM145, AM146, AM147, S, T, A1, A2, A, B1, B, B96 og BE er det krav om *Helseattest førerett* utfylt av lege dersom du har svart «ja» på eitt eller fleire av spørsmåla 3-17.

## Tunge klassar og kompetansebevis for utrykking
For førarkortklassane C1, C1E, C, CE, D1, D1E, D, DE og kompetansebevis for utrykking krevst det alltid *Helseattest førerett* når ein søker om førarrett og fornying.

## Fellesreglar
*Helseattest førerett* / *Helseattest førerett – syn* må ikkje vere eldre enn tre månader ved innlevering til trafikkstasjonen.

*Helseattest førerett* og eventuell *Helseattest førerett – syn* skal leggast fram i dei tilfella der politi, helsemyndigheit eller vegmyndigheit krev det for å vurdere om det ligg føre sjukdom eller helsesvekking som har betydning for trafikksikkerheita. *Helseattest førerett* krevst også ved fornying av førarkort med tidsavgrensing på grunn av helse. *Helseattest førerett* krevst alltid ved fornying av førarkort etter fylte 75 år.

## Utferding av helseattest
Fastlege eller behandlande lege vil i dei fleste tilfelle kunne vurdere om helsekrava til førarrett er oppfylte, også der det ligg føre fleire samtidige sjukdommar eller helsesvekkingar. Legen vil som regel ha dei nødvendige helseopplysningane, med vurdering frå spesialist der det er krav om dette. Legen treng opplysningar om dei legemidla du bruker – også dei som er skrivne ut hos andre legar. Dersom legen ikkje har tilstrekkelege opplysningar om helsetilstanden for å kunne vurdere om helsekrava er oppfylte, eller det ikkje ligg føre vurdering frå spesialist der dette er eit vilkår for å få førarrett i klassen det er søkt om, må det gjerast ytterlegare utgreiing før legen kan skrive ut helseattest. Slik utgreiing kan også vere aktuell dersom sjukdomsløpet forandrar seg eller dersom behandlinga blir endra.

I nokre tilfelle kan legen be om at det blir gjennomført ei køyrevurdering for å kunne konstatere om helsesvekkinga påverkar evna til å køyre bil. Du kan finne meir informasjon om køyrevurdering i *Førerkortveilederen*.

## Helsekrav for førarrett
For å ha rett til å føre motorvogn i Noreg, må du oppfylle helsekrava som er fastsette i *forskrift om førerkort m.m.* Forskrifta finn du på **www.lovdata.no**. Du kan lese meir om helsekrava i *Førerkortveilederen*, som er lagd ut på **www.helsedirektoratet.no**. *Førerkortveilederen* omtalar dei helsekrava som gjeld, og gir rettleiing til korleis dei enkelte sjukdommane og helsesvekkingane som kan ha betydning for køyreevna skal følgast opp. Nokre gonger kan det vere behov for å søke råd om innhaldet i helsekrava hos lege eller annan helsekyndig, eller hos Fylkesmannen.

# Generell informasjon

**Legitimasjon:** Du må vise akseptabel legitimasjon med namn, fødselsnummer (11 siffer) og bilde til teoretisk og praktisk prøve og før utferding av førarkort eller kompetansebevis.

**Foto:** Foto blir tatt på trafikkstasjonen, om det ikkje allereie er lagra elektronisk.

**Gebyr:** Det må betalast gebyr før kvar teoretisk og praktisk prøve, før førarkort eller kompetansebevis blir utferda og for nytt foto og ny signatur.

**Opplæring:** Trafikkskolen, lærestaden eller kursarrangøren må melde inn til Statens vegvesen at du har fullført obligatorisk opplæring. Dette må gjerast seinast tre dagar før praktisk prøve. For yrkessjåførbevis må opplæringa vere innmeld før den teoretiske prøven.

**Lagring av data:** Statens vegvesen er pålagt å føre register i førarkortsaker. Personopplysningar og opplysningar om førarretten din blir registrerte og kan nyttast av Statens vegvesen og politiet. Opplysningar som ikkje er omfatta av teieplikta kan utleverast, jf. offentleglova § 3.

Fleire opplysningar om førarkort- og helsekrav finn du i *forskrift om førerkort m.m.* på **www.lovdata.no** og på **www.vegvesen.no**. Der kan du også finne kontaktinformasjon til Statens vegvesen.